

Eldrerådet har hatt ein gjennomgang av rådmannen sitt budsjettframlegg for 2022 og økonomiplanen for 2022 – 2025. Dette er ei svært omfattande sak og kanskje ikkje det lettaste stoffet å setta seg inn i. For eldrerådet er det mest nærliggjande å sjå spesielt på budsjett-delen som er knytt til Helse og omsorg, sida me er i den gruppa av befolkninga som må regne med kontakt her.

Eit gjennomgåande tema i framlegget er «demografiske forhold». Her ser ein klart at eldrebølgja slår inn med full styrke. Derfor finn me det unaturleg etter vårt syn, at ein ikkje ser dette igjen i framlegget. Me vil tru at fleire eldre både i institusjon og heimebuande, treng meir hjelp. Ein kunne forvente tilsetjing av fleire pleiarar, men budsjett-tala fram går det at det vert ein reduksjon på 1,8 årsverk samstundes som ein opprettar to nye korttids plassar. Dette må føre til eit auka arbeidspress og mindre kontakt med kvar brukar.

Det vert vist til eit sjukefråvær på 8,9% i oversikten. Med auke arbeidspress vil det vera naturleg at sjukefråværet vil auke og ikkje som ønskeleg, går ned.

Auka arbeidspress vil i sin tur føre til at brukarar både i sjukeheim og heimetenesta vil kunne føle seg meir uttrygg og kanskje heller ikkje få den hjelpa dei både treng og har rett til. Dette er ein svært lite ønskeleg utvikling.

Eldrerådet vil be politikarane om å tilpasse budsjettet til ein utvikling som betre avspeglar den stekt aukande delen eldre personar i Fitjar.